

Snudde tragisk hending til styrke og kjærleik

Om eg kan hjelpe andre med å gråte ut sin sorg gjennom å få kjennskap til min gjer eg gjerne det

Elisabeth Gallefoss

23 år gamal opplevde småbarnsmora Elisabeth Gallefoss at sambuaren hennar vart drepen på opa gate. Men ho let seg ikkje knekke, snarare tvert imot.

Stig Hovlandsdal Øvreås
stig@ytresogn.no

Elisabeth Gallefoss, som hadde delar av oppveksten sin i Lavik, og som no har periodevis klinikk i bygda på Lavik Torg, er ikkje berre travel med å tilby ulike typar behandlingar. Ho er også bokaktuell i samband med Irene R. Mjelde si bok «Syngande hjarte - vestlendingar som vågar» som vart gitt ut tidlegare i haust. Der er Elisabeth ein av sju som Mjelde portretterer, og lesarane blir i boka kjende med den sterke historia hennar og korleis ho har klart å gå vidare i livet etter ei djupt traumatisk, tragisk og hatmotivert hending.

Det var 28. juli i 1989 at Ali Ghazanfar Shah, som var av pakistansk opphav og sambuar med Elisabeth, vart drepen saman med kameraten Nawaz Moham-

med på opa gate i Oslo i det som blir omtala som dei aller første rasismedrapa i Norge. Elisabeth og Ali budde då i hovudstaden med den vesle dottera deira, og Elisabeth var og høggravid med born nummer to. Bryllaupet deira var under planlegging.

– Dette er ein del av historia mi som eg ikkje kjem utanom, og eg meiner det er eit viktig tema å prate om, sjølv om det er både vanskeleg og nært, fordi det som skjedde den gongen alltid vil vere aktuelt. Om eg kan hjelpe andre med å gråte ut sin sorg gjennom å få kjennskap til min gjer eg gjerne det.

Elisabeth fortel at ho i dag er eit lykkeleg menneske, og ho er kjent for å vere både sprudlande, uredd og fargerik trass mykje motgang og fleire vonde opplevingar.

– Det går fint med oss i dag, og vi har kome oss opp og fram. Ein kjem lengre med å tenke positivt og ha tru på kjærleiken enn med å fokusere på sinne og hat.

Men sjølv om Elisabeth er oppteken av det gode betyr ikkje det at ho meiner at alt skal bli tilgitt utan konsekvensar, og ho er kritisk til det norske rettssystemet.



Elisabeth Gallefoss (t.h) saman med forfattar Irene R. Mjelde under lanseringa av «Syngande hjarte» i haust. Gallefoss er ein av sju fargerike vestlendingar som ein kan bli betre kjent med i boka. (Foto: Lena Borge)

– Dei kriminelle får alt for fritt spelerom i Norge for tida, så her bør regelverket skjerpast inn og politiet vere mykje flinkare til å handheve lova. Eg er særleg oppteken av det med vald, og at ein her må ha eit rettsapparat som fungerer.

Flink forfattar

Elisabeth har mykje godt å sei om Irene Mjelde, som står bak den nye boka «Syngande hjarte». Elisabeth skildrar Irene som ei fantastisk dame som skriv veldig fint, og som formidlar på rett måte. For Irene sjølv var det kombinasjonen av utstrålinga og historia til Elisabeth som gjorde til at ho ville ha Elisabeth med i boka.

– Eg møtte Elisabeth i samband med skriving for magasinet «Megafon» i Bergen og vart som mange andre grepe av kor mykje positivitet ho utstrålar

trass i at ho har vore igjennom noko så vondt. Elisabeth er eit fascinerende menneske, og som skribent får ein lyst til å finne ut meir av og formidle korleis Elisabeth tenkjer om sitt eige liv.

Responsen på boka til Mjelde har vore særleg god, og lesarane melder om mykje godt humør og mykje til ettertanke på ei og same tid.

– Det er veldig kjekt å høyre at folk blir både inspirert og motivert av å lese boka, og det er ein draum eg har hatt over lang tid å få høve til å bruke tid og plass til å fortelje om desse fargerike sjelene som vågar å vere sitt rare, unike, suverene og inspirerende sjølv. Dei står ikkje på hoppkanten og ventar til unnarennet er forsvarleg måka. Dei hoppar heller i det, og tar alt som det kjem anten stilen blir slalom eller utfor, eller luftige, lukkelege svev på strake venger.

Eiga bok

Det er ikkje første gong at Elisabeth er med på eit bokprosjekt, men forskjellen frå no og sist er at ho førre gong sjølv var forfattaren. Ho gav i 2014 ut boka «Kill them! Kill them! Blodige tårer» der ho sjølv fortel om det som skjedde i 1989. Tittelen på boka er henta på tilropa som kom frå sidelinja då polske Jacek Stocki knivstakk og drap Ali og Nawas.

– Eg har fått utruleg mange gode tilbakemeldingar på mi eiga bok der eg fortel om mine opplevingar som etterlaten, og mine møte med politi og det offentlege i tida etter. Det var mange påkjenningar også i prosessane som kom etter at Ali vart drepen. Eg kunne lett ha skrive ei hatbok, for dei drepte mannen min, men eg valde å formidle kjærleik.

Elisabeth meiner at det er viktig med lys og positivitet i samfunnet, og har sjølv funne mykje styrke og hjelp til å kome seg vidare i livet i det ho driv med til dagleg.

– Den store lidenskapen mine er å måle og hjelpe andre menneske gjennom behandlingane mine. Eg er kjempestolt over meg sjølv og korleis livet mitt har blitt. Det handlar mykje om kva innstilling ein sjølv har, og korleis ein vel å handtere situasjonar og dei ein møter. Ein må unngå dei som driv med maktmisbruk og tørre å sei nei til det som ikkje gir ein glede og lykke. Ein må finne dei gode hjelparane, og ta vare på seg sjølv og dei ein har rundt seg.



Starten av kapittel 3 i «Syngande hjarte» om Elisabeth Gallefoss av Irene R. Mjelde

– Det var som om vi visste at det var den siste stunda vår saman. Han skulle i eit bursdagsparty, mens eg hadde valt å bli heime. Eg var gravid i sjuande månad og ville ikkje utsette barnet i magen for sigarettøyken eg visste ville fylle romma. Det var jo slik på den tida, at ein røykte inne.

Han gav seg god tid med å stryke skjorta si. Tok eit glas kvitvin mens dei prata på kjøkkenet. Då han skulle gå, bad ho han vente litt.

Så tulla ho den sovande dottera deira på elleve månader inn i eit pledd og bar henne med seg, slik at ho kunne slå følge med han eit stykke på vegen.

– Det høyrst ut som ein klisje, men vi rusla verkeleg på solvarm asfalt gjennom Oslo-gatene den kvelden, mens vi snakka om kor godt vi hadde det. Eg er så glad for det, at den siste samtalen vi hadde, handla om kjærleik, om kor ubeskriveleg høgt vi elska kvarandre.



Elisabeth Gallefoss saman med sambuaren Ali Ghazanfar Shah. 28. juli i 1989 skjedde det forferdelege då Ali vart knivstukken og drept på opa gate i Oslo. Heime sat høggravide Elisabeth samen med den vesle dottera deira (Foto: Privat)